Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5 Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Eikefjord

Emne: Vannbering Bygdelag: ~~Leernefjord~~

Oppskr. av: Nils Hovland f. 1888 Gard: Hovland

(adresse): Eikefjord G.nr. 53 Br.nr. 10

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Vatnet vert til vanlegt her i bygda bore med vass-sele og 2 byttor. Ut-tale: vass-sele. Av vass-selen var utskore noko for halsen so han låg godt over båe herdane. I kvar ende av vass-selen var ei lekkja med krok i, som byttorne hang i. Den som bar heldt ei hand i kvar bytta, som hang rett på kvar sida av beraren. Noko anna slags reidskap å bera vatn i kjenner eg ikkje til her. Til vanleg vert det bruka tunne jarnlekkjor med jarnkrokar i i vass-selen, men tog og vidjor med trekrokar har vore i bruk ogso. Eg har sovidt sett slikt vore brukt.

Det kaltes for vass-sele, vass-selekrokar og vass selelekkjor. Eg har ~~både~~ både sett og brukt trebyttor, men eg trur jarnbyttor kom ålment i bruk for ca 25 år sidan.

2. Eg veit ikkje av at det vart bore vatn i kar eller vats-såar. Vass-såar vart brukt til å ha vatn stående i. Dei tok frå 50-120 l. Ta leggja noko i bytta for skvulping trur eg ikkje har vore brukt her.

Måten å leera i ei stong har vore brukt her, men ikkje til nyólk eller anna flytande.

581

Ei slik stang vart kalla bygratre eller bygrakjepp. Den vart stukken i bytteholda eller i hank eller stroppen i bygraholkan. Bytta eller holken låg so, endes beringa, på ryggen og bygratreet over den eine hesda på beraren.

Frå fjøset vart mjølka helst bora i bøttor. Var det langt til mjølkeplassen brukte ein holkar. Det fyrste eg hugsar var disse holkane helst av tre. To er dei av jarn og kallast her gjerne for blekkholkar. Dei kallast også ryggspann.

3: Sa setja vass-karet på ski å skuva det fram has eg ikkje høyrt eller sett vore brukt her.

4: Både menn og kvinnor born og tenarar bar og ber vatn. Kvinnene ber kanske mest vatn for dei er heime. Mennene er burte på skogsarbeid fiske husflid o. m.

5: Dette er i bruk endå. Det er likt både på små og mindre gardar. Store gardar og hūs-mannsplassar er ikkje her i bygda.

6: Andre måtar er lite i bruk. Lit køyring. Helst når det er snøføre. Det vert helst køyrt på slede.

7: Her er innlagt vatn både i fjøs og kjøken på nokre mange gardar. I vinter fraus elles pålag alle vass-leidningar. Elvar og bekkar fraus også, so vatn måtte køyrast og berast lange vegar.

Vass-leidningane er ellers i dårlegt stell no. Dei fraus sunde i vinter og det er ikkje råd å få røyr å vøla med.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
581

Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5 Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Eikefjord

Emne: Vannbering Bygdelag:

Oppskr. av: Nils Hovland f. 1888 Gard: Hovland

(adresse): Eikefjord G.nr. 53 Br.nr. 10

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Vatnet vert til vanlegt her i bygda bore med vass-sele og 2 byttor. Ut-tale: vass-sele. Av vass-selen var utskore noko for halsen so han låg godt over båe herdane. I kvar ende av vass-selen var ei lekkja med krok i, som byttorne hang i. Den som bar heldt ei hand i kvar bytta, som hang rett på kvar sida av beraren. Noko anna slags reidskap å bera vatn i kjenner eg ikkje til her. Til vanleg vert det bruka tunne jarnlekkjor med jarnkrokar i i vass-selen, men tog og vidjor med trekrokar har vore i bruk ogso. Eg har sovidt sett slikt vore brukt. Det kaltes for vass-sele, vass-selekrokar og vass-selelekkjor. Eg har både sett og brukt trebyttor, men eg trur jarnbyttor kom ålment i bruk for ca 25 år sidan.

2. Eg veit ikkje av at det vart bore vatn i kar eller vats-såar. Vass-såar vart brukt til å ha vatn ståande i. Dei tok frå 50-120 l. Aa leggja noko i bytta for skvulping trur eg ikkje har vore brukt her. Måten å bera i ei stong har vore brukt her, men ikkje til mjølk eller anna flytande. Ei slik stang vart kalla byratre eller byrakjepp. Den vart stukken i byttehalda eller i hank eller stropper i byraholkar. Bytta eller holken låg, under beringa, på ryggen og byratreet over den eine herda på beraren. Frå fjoset vart mjølka helst bora i byttor. Var det langt til mjølkeplassen bruktest holkar. Det fyrste eg hugsar var disse holkarne helst av tre. No er dei av jarn og kallast her gjerne for blekkholkar. Dei kallast ogso ryggspann.

3: Aa setja vass-karet på ski å skuva det fram har eg ikkje høyrt eller sett vore brukt her.

4: Både menn og kvinnor born og tenarar bar og ber vatn. Kvinnerne ber kanske mest vatn for dei er heime. Mennene er burte på skogsarbeid fiske husflid o.m.

5: Dette er i bruk endå. Det er likt både på små og mindre gardar. Store gardar og husmannsplassar er ikkje her i bygda.

581

6: Andre måtar er lite i bruk. Lit køyring. Helst når det er snøføre. Det vert helst køyrt på slede.

7: Her er innlagt vatn både i fjøs og kjøken på nokso mange gardar. I vinter fraus ellers pålag alle vassleidningar. Elvar og bekkar fraus ogso, so vatn måtte køyrast og berast lange vegar. Vass-leidningane er ellers i darlegt stell no. Dei fraus sunde i vinter og det er ikkje råd å få røyr å vøla med.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
581

--- o O O o ---

Rett avskrift L.Aall.